

**Fra:** Helene Frimannslund (hfrimann@klimastiftelsen.no)

**Sendt:** 31.07.2014 12:16:26

**Til:** steinar.onarheim@asplanviak.no; oystein.okland@bkk.no; morten.fredriksen@auto23.no; mettenygaard.havre@bir.no; lisbeth.haugen@spv.no; Kvingedal, Kjell; kristin.blehr.patterson@helse-bergen.no; kjetil@grandterminus.no; Janu Ramchandani; Jørgen Ohnstad; Hans Petter Kildal; Tanja Forgaard; Eva-Britt Isager; Einar Vaage; Anita Maria B. Rath; Inki Brown; Admir Mesic; Per Hjalmar Svae; Gudrun Mathisen

**Kopi:** Lars-Henrik Paarup Michelsen; Per Hjalmar Svae; Anders Bjartnes

**Emne:** Oppstart etter sommeren

**Vedlegg:**

Hei alle,

Håpar alle har hatt ein flott sommar og stiller med nyvunnen energi når de er attende på jobb. I Klimapartnere Hordaland går vi ein spennande haust i møte.

1. Den viktigaste leveransen i nær tid vil være publisering av samla klimaregnskap for 2013. Vi har kalla inn kontaktene for dette til møte nr. 3 i serien, 29.aug.

2. Vi kjem og snarlig til å kalle inn til fyrste møte i neste møteserie om innkjøp, truleg i midten av september. Vi tek gjerne imot innspel på innholdet i dette. Det er viktig at at innkjøpsavdelingane med ansvarlige/utøvande vært knytt tett opp mot dette. Gje gjerne melding om kva kontaktar de ønsker skal kallast inn.

3. Nye nettsider er no lansert - ta gjerne ein særleg kikk på korleis de som partnerar er presenteret og gje ei melding dersom noko skal endrast  
<http://www.klimapartnere.no/hordaland/klimapartnere-hvem-er-med/>

4. Vi vil ha eit aukande fokus på å samle inn eksempel på beste praksis frå våre partnerar når det gjeld samarbeid, produkt, tenester og klimagassreducerande tiltak. Vi vil etterkvart etablere ein mal for dette, men send oss allereide no gjerne nokre eksempel de er spesielt stolte av og vil framheve. Desse vil vi etterkvart framheve på nettsidene våre og truleg lage ein samla publikasjon rundt.

5. Vi minnar og om at prosjektleder gjerne stiller på partnernemøter, held presentasjonar eller hospiterer ute hos partnere ved ønske. Ta kontakt så finn vi eit tidpunkt som passar.

Ellers har vi fått ei oppmodning om å informere om at det no finnast ein Tesla eltaxi i Bergen. Den kan bestillast på ordinær måte til samme pris som andre taxiar hos Norgestaxi, tlf. 08000. Det er berre å be spesifikt om å få denne taxien. Det er førebels ikkje andre selskap som tilbyr dette. Vi oppfordrar andre til å nytte og informere om denne for å auke etterspurnaden i Bergen og bidra til eit teknologiskifte i taxinæringa.

Ha ein flott dag vidare, anten de framleis er på ferie eller tilbake på jobb :-)

Mvh

Helene Frimannslund

Norsk Klimastiftelse

Prosjektleder, Klimapartnere Hordaland

Mob: + 47 990 877 00

E-post: [hfrimann@klimastiftelsen.no](mailto:hfrimann@klimastiftelsen.no)